

Årsmelding for Masfjorden sokn 2020



Frå 1. januar 2020 vart Frøyset, Sandnes og Solheim sokn slegne saman til eitt sokn – Masfjorden sokn. Denne årsmeldinga er soleis den fyrste årsmeldinga for det nye soknet.

Om soknerådet

Masfjorden sokneråd har i 2020 vore sett saman slik :

- Rune Garmann, leiar
- Harald Mjanger, nestleiar
- Dina Merete Kallestad Dyrhovden
- Bente Kvamsdal Håvåg
- Ragnvald Tangedal
- Gunnar Andvik
- Anne Marit Birkeland Fredriksen
- Atle Nordland
- Maja Aven Dahle
- Aril Andvik
- Harald Sundsbø, geistleg representant

Vararepresentantar til soknerådet er:

- Jan Otto Daae
- Leif Bjarne Haukeland
- Ingfrid Olaus Hansen Sleire
- Svein Birger Haugsdal
- Annbjørg Ynnesdal

Sidan det berre er eitt sokneråd i Masfjorden, fungerer soknerådet som fellesråd i saker som skal handsamast av fellesrådet. Når soknerådet fungerer som fellesråd, tiltre ein kommunal representant, som i denne perioden er

- Torill Torsvik Størkersen

Kyrkjevevja er sekretær for sokneråd/fellesråd, og har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Det vart i 2020 halde totalt 7 møte i sokneråd/fellesråd, der ein totalt handsama 37 fellesrådssaker og 26 soknerådssaker. Eitt av desse møta var lagt til eit miniseminar for alle med verv i Masfjorden sokn, og der prost, kyrkjelydsmusikar og trusopplæringsleiar var særskilt inviterte.

Arbeidet med samanslåinga la til grunn at arbeidet som tidlegare var fordelt mellom tre sokneråd og eitt fellesråd, måtte organiserast på ein annan måte. Av den grunn vart ordninga med kyrkjeutval etablert. Her vert ein del oppgåver knytt til kvar av kyrkjene delegert frå sokneråd til utval, medan oppgåver som gjeld alle kyrkjene, eller som det er gitt ulike formelle føringar på, vert tekne i sokneråd – eller i fellesrådet, når sakene kjem inn under det som er lovmessig lagt til fellesrådet.

Men tanken har heile tida vore at ein skulle opprette andre utval også. Soleis har ein etablert eit administrasjonsutval som skal arbeide med personalforvaltning, samt eit arbeidsutval som skal fungere som saksførebudende organ for soknerådet, og som soknerådet kan delegere avgrensa mynde til, til dømes i ferietida. Soknerådet har også hatt ein representant i ei gruppe som har arbeidd med konfirmantundervisninga.

Det har også vore meininga at soknerådet skulle utnemne personar i soknerådet som skulle ha særskilt ansvar for å samarbeide med dei tilsette og andre om ulike oppgåver. Men av ulike grunnar har ein ikkje kome så langt i arbeidet med dette som ein gjerne kunne ynskt.

Ein har heller ikkje kome så langt som ein gjerne hadde tenkt å lage planar og leggje føringar for dei ulike arbeidsområda for kyrkja. Der må mellom anna arbeidast med å utforme strategiar og mål for

kommunikasjon og informasjon, for kyrkjemusikk, for diakoni. Dette er utviklingsarbeid som vil ta tid, men det er eit mål at ein del av dette arbeidet vert sett i gang i løpet av 2021.

Soknerådet oppnemnde to underutval som skulle arbeide med bestemte saker :

Det vart oppretta eitt utval som skulle gå gjennom gudstenesteordninga, og gjere framlegg om korleis denne skulle utformast i Masfjorden sokn.

Nemnda, som var sett saman av

- vikarierende sokneprest Harald Sundsbø,
- kyrkjelydsmusikar Anne Merethe Reknes,
- soknerådsmedlemene Dina Dyrhovden, Harald Mjanger og Rune Garmann

sluttførde si innstilling før årsskiftet. Denne vil – med eventuelle tillegg frå dei tilsette – verte lagt fram for soknemøtet til uttale, og deretter til soknerådet for endeleg vedtak. Vedtaket vil saman med eventuelle uttalar verte oversend prostens, og den reviderte gudstenesteordninga slik ho vert utforma hos oss, vil verte teken i bruk i løpet av våren.

Orgelet i Frøyset kyrkje slutta å fungere, og fellesrådet oppnemnde ei arbeidsgruppe som skulle sjå på korleis ein skulle løyse dette. Arbeidsgruppa var sett saman av

- kyrkjelydsmusikar Anne Meretehe Reknes,
- kommunal representant i Fellesrådet Torill Torsvik Størkersen,
- og soknerådsleiar Rune Garmann.

Arbeidsgruppa konkluderte med at ein var nøydd til å satse på innkjøp av nytt digitalt orgel, og fellesrådet vedtok at ein skulle gjere det. Takka vere ei raus gåve frå ein privatperson, og ei løyving frå Masfjorden kommune samt lovnad frå formannskapet om forskottering av kostnader som eventuelt overstig midlane ein er tildelt, er nytt orgel bestilt. Det vert venteleg levert i løpet av våren, med atterhald for eventuelle forseinkingar knytt til den aktuelle smittesituasjonen.

Om kyrkjeutvala

Då ein valde å slå saman sokna, bestemte ein seg for å opprette eitt kyrkjeutval for kvar av dei tre soknekyrkjene våre. Desse er sett saman av personar som stod på lista til soknerådsvalet for perioden, og som har bustad i kyrkjekrinsen. Leiar for kvart kyrkjeutval er medlem av soknerådet. På den måten ynskjer ein å oppnå god kontakt mellom sokneråd og kyrkjeutval.

Kyrkjeutvala er sett saman slik :

Frøyset kyrkjeutval

Ragnvald Tangedal, leiar
Jan Otto Daae
Annbjørg Ynnesdal
Ingfrid Sleire
Gunn Tove Skår

Sandnes kyrkjeutval

Gunnar Andvik, leiar
Leif Bjarne Haukeland
Svein Birger Haugsdal
Linn Andvik Lahti
Harald Mjanger

Solheim kyrkjeutval

Bente Kvamsdal Håvåg, leiar
Asle Sletten
Joakim Haugsvær
Maria Haukeland
Torfinn Aga

Kyrkjeutvala har hatt fokus på ulike oppgåver knytt til den einskilte kyrkja og hendingar og tilskipingar der. Utvalsmedlemene har vore kyrkjevortar, og dei har hatt eit visst ansvar for tilsyn med si kyrkje og tilhøyrande kyrkjegardar. Etter det ein kan sjå har kyrkjeutvala fungert godt, og det er all grunn til å takke kvar og ein av utvalsmedlemene for fin innsats i året vi har bak oss.

Om dei tilsette i kyrkja i Masfjorden

Tilsette i Nordhordland prosti

Vikarierende sokneprest Harald Sundsbø har vore vår sokneprest i heile 2020, og har forutan å skjøtte sine oppgåver som sokneprest på ein forbiletleg måte også har vore ein sterk støttespelar for sokneråd og fellesråd i ei tid med store endringar i organisasjonen vår. Han fortener stor takk for dette.

Takkast må også Kristine Bleikli, som vi har møtt som kyrkjevevje fram til 1. mars, som vikarprest i sommar, og som medarbeidar i konfirmantarbeidet i haust.

Tilsette i Masfjorden sokn

I tillegg til soknepresten er det tilsett fire personar i staben. Ny av året er Eli Eidsnes, som frå 1. mars gjekk inn i arbeidet som kyrkjevevje i ei 50% stilling, og frå 1. april også gjekk inn i stillinga som sekretær ved kontoret i 30%.

Øvrige tilsette i staben er

- Kyrkjelydsmusikar Anne Merethe Reknes, 70%,
- diakoni- og trusopplæringsleiar Helga Ekehaug, 100%, (*av desse 20% som leiar av Frivilligsentralen*), og
- kyrkjegardsarbeidar Remi Kallekleiv, 80%.

Til saman dannar dei eit velfungerande team, som kvar på sitt vis bidreg til at kyrkja i Masfjorden gjev medlemene sine gode tenester. Det fortener dei stor takk for.

Det er også tilsette som har sin arbeidsplass ved dei einskilde kyrkjene:

- Alima Tomor er tilsett frå 1. oktober som kyrkjetenar, 10%, ved Frøyset kyrkje.
- Eldbjørg Mjanger er tilsett som klokkar/kyrkjetenar 1,97% på Granneheimen.
- I Sandnes kyrkje er det ein avtale med Sandnes skulemusikk om at dei har ansvar for kyrkjetenar- og klokkeoppgåvene.
- I Solheim kyrkje er det ein tilsvarande avtale med Solheim helselag.
- I Frøyset kyrkje er det Nordbygdas skulekorps som skjøttar klokken sine oppgåver.

Desse laga får godt gjort arbeidet etter eigne avtalar. Og alle fortener takk for god innsats!

Status for kyrkjer og gravplassar

Soknerådet i Masfjorden har ansvar for ettersyn og vedlikehald av tre kyrkjer og seks kyrkjegardar. Det har i løpet av dei siste åra vore utført eit stort arbeid med opprusting av kyrkjene våre. Men framleis er det mykje som står att:

Eit stort prosjekt som enno ikkje er landa, er oppgradering av vindauga i Solheim kyrkje. Dei noverande enkle vindauga bør erstattast av isolerglass, både for å redusere utgifter til oppvarming, men fyrst og fremst av omsyn til inventaret, spesielt orgelet, som med eit skifte til isolerte vindauge vil stå i eit meir kontrollerbart inneklima.

Til tider hender det at det dukkar opp situasjonar som krev handling utanom tur, og i 2020 oppstod ein slik situasjon: Orgelet i Frøyset kyrkje «tok kvelden». Takka vere ei raus gåve frå ein privatperson, supplert med ei løyving frå kommunen vil ein våren 2021 kunne ta i bruk eit nytt orgel i kyrkja.

Ut over dette er det behov for ulike mindre tiltak i alle kyrkjene våre. Nokre er reint vedlikehald, men ein har også ynskje om noko nytt inventar. Ein tenleg monter der ein kan syne fram den gamle messehakelen i Sandnes kyrkje er eit døme på dette.

Kyrkjeutvala for kvar kyrkje er ein viktig ressurs i å få kartlagt behova for vedlikehald og fornying.

Også gravplassane våre treng ettersyn og vedlikehald. Eitt av mange tiltak vil vere å sjå til at alle gravstøttene er forsvarleg sikra. På sikt er det ynskjeleg at nedsunkne delar av gravplassane vert påfylde med jord, slik at dei framstår som meir plane enn i dag. Forutan at det gjev eit finare inntrykk, vil det forenkle stell og vedlikehald av dei.

Etter planen skulle dette arbeidet ha kome skikkeleg i gang i løpet av 2020. Av ulike grunnar har ikkje det skjedd. Men ein vonar no at ein kjem i gang for alvor i løpet av våren/sommaren 2021.

Økonomisk status for kyrkja i Masfjorden

I tråd med gjeldande tenesteleveringsavtale mellom Masfjorden kommune og Masfjorden sokn fører kommunen rekneskapen for soknet. Ein nyttar også same revisor.

Overgangen frå tre sokn til eitt førte med seg at fire ulike rekneskap – fellesrådet sin rekneskap og kvart av dei tre sokna sin – måtte samordnast og setjast opp på ein måte som gjorde det mogleg å fylgje t.d. øyremarka midlar inn i den nye bokføringa. Ulike fullmakter måtte reviderast, og ulike prosjekt måtte slutførast og gjerast opp for.

Å få ein full oversikt over det nye soknet sin totale økonomi har ikkje vore noko enkel oppgåve, og det er grunn til å berømme kyrkjevevja for å ha gjort ein stor innsats for å få dette til. Takkast skal også dei tilsette ved kommunekasse og revisjonskontor for god hjelp.

Korleis er så den økonomiske situasjonen i soknet? Det er nok inga overdriving å karakterisere den som heller trong.

Ei stor utfordring er også at Masfjorden sokn har «arva» eit akkumulert underskot, som må rettast opp gjennom eit mindre forbruk. Dei som har verv i soknet, har bidrege aktivt gjennom å seie frå seg godtgjersle og honorar for møte, men det er i tillegg naudsynt med ytterlegare innstrammingar. Dette vil kunne få konsekvensar for aktivitetsnivået i soknet, og det vil kunne få konsekvensar for kva midlar soknerådet kan bruke på kyrkjer og kyrkjegardar.

Bortfall av offerintekter er også ein medverkande faktor når det gjeld økonomien til soknet. Tidlegare har ein kunna budsjettere med ein viss sum i offermidlar til ulikt arbeid i soknet. Grunna restriksjonar knytt til Coronasituasjonen er desse midlane så å seie heilt borte. Forutan at dette vil ha konsekvensar for kva ein kan få gjort av ynskje og planlagte aktivitetar, har situasjonen synleggjort ei sårbarheit som vi må gjere noko med.



For det er ikkje folk sin vilje til å bidra som vantar. Det er høvet til å gi eit bidrag. Situasjonen vi har stått i, aktualiserer noko som til tider har vore drøfta i dei tidlegare sokneråda, men som ikkje har resultert i konkrete tiltak: behovet for å etablere ei gjevarteneste. Kan hende dette er rette tida til å ta tak i det?

Om arbeidet i sokna og i kyrkja i 2020

I dette året er det ein faktor som meir enn noko anna har påverka det kyrkjelege arbeidet: Covid-19. Av smittevernomsyn vart fleire tillyste arrangement avlyste eller flytta i tid. Soleis vart konfirmasjonane som skulle vore arrangert i mai, utsette til hausten, medan ein del gudstenester på vårparten vart avlyste.

Etter kvart vart det lagt til rette for eit godt smittevernregime ved gudstenestene, som på ulikt vis tok godt vare på deltakarane. I tillegg vart det halde særskilte konfirmasjonsgudstenester der kun konfirmantane og deira aller nærmaste tok del, og det vart på same måte lagt til rette for eigne lukka dåpsgudstenester og vigselgudstenester.

I ettertid er det rett å seie at kyrkja strekte seg langt for å få til eit nokonlunde normalt gudstenesteliv innan dei rammene ein måtte forhalde seg til.

Men smittevernomsyn har gjort det vanskeleg å halde oppe andre aktivitetar på eit tilnærma normalt nivå. Dette har fått konsekvensar for tilbodet til barn og unge, og også for tilbodet til dei eldre. Men dei som driv dette arbeidet, skal ha ros for å vere løysingsorienterte, og i ettertid ser ein at mange av dei planlagde tiltaka likevel vart gjennomførde, om enn i ein litt annan form enn det ein elles er van med.



Ein positiv konsekvens av smittevernsituasjonen er at ein har måtta tenkje nytt på fleire område. Då det var klårt at det ikkje ville bli 17. mai-gudstenester i kyrkjene våre og på sjukeheimen, vart det sett i gang eit stort dugnadsarbeid som omfatta nesten 40 deltakarar. Resultatet av arbeidet var ei digital 17. maigudsteneste, med innslag frå alle kyrkjene våre. Denne gudstenesta vart lagt ut på nettet. Det er uvisst kor mange som såg henne, for i ein del samanhengar vart gudstenesta synt for fleire som var samla. Men det er god grunn til å tru at denne gudstenesta nådde minst like mange som det ein kunne vente ville delta på dei tradisjonelle 17. mai-gudstenestene på sjukeheimen og i Sandnes og Solheim kyrkjer.

Også på andre måtar er kyrkja blitt meir synleg på digitale plattformer: I sommar vart kyrkja si heimeside – som ein for øvrig finn på <https://masfjorden.kyrkja.no> – spøta opp att. Ho fekk nytt design, men truleg viktigare er det at ho fekk eit noko meir omfattande innhald enn tidlegare. Og ho er no teken i bruk på ein heilt annan og langt meir aktiv måte enn før, og etter kvart som ein får meir røynsle med å bruke henne til informasjon og anna, kan ein forvente at ho vert ein stadig viktigare kanal for kyrkja i Masfjorden, i godt samspel med «Masfjordingen».

For sjølv om ein etter kvart opnar for at meir og meir informasjon kan formidlast digitalt, er det tydeleg at «Masfjordingen» ikkje har utspelt si rolle som meldingsblad for kyrkja i Masfjorden og Masfjorden kommune. Og det er grunn til å berømme innsatsen til dei som på ulikt vis syter for at bladet kjem ut, anten det er ved å kome med stoff til bladet, ved å formgi det, eller ved å distribuere det til alle som bur i kommunen vår.

Masfjorden sokn i tal

Tala under er nøkkeltal for Masfjorden sokn, henta frå årsrapporten til Nordhordland prosti :

Antal søndagsgudstenester	35	Antal deltakarar på søndagsgudsteneste	1111
Antal andre gudstenester	4	Antal deltakarar på andre gudsteneste	85
Antal nattverdsgudstenester	20	Antal nattverdsgjester	227
Antal døypte	11	Antal konfirmerte	14
Antal vigslar	3	Antal gravferder	20
Innmelde	1	Utmelde	3
Offergåver i kr.	29246		

Tider skal komme

Det er dessverre mykje som talar for at smittevernproblematikken knytt til Covid-19 vil setje sitt dystre preg på arbeidet i kyrkja vår også i 2021. Sjølv om vi etter kvart er blitt flinkare til å handtere denne situasjonen, skal vi ikkje tru at vi vil vere attende til normalen på ei god stund enno.

Og det er heller ikkje sikkert at den nye normalen vert heilt lik den gamle normalen. Delar av den praksisen vi har måtta nytte i denne tida, vert truleg med oss inn i tida som kjem :

Kyrkja er så smått begynt å ta i bruk digitale plattformer – ikkje berre for å gi informasjon, men også for å bygge fellesskap. Den nemnde 17. mai-gudstenesta er eit godt eksempel på dette. Den skapte ei oppleving av fellesskap ikkje berre blant dei som såg videoen, men også mellom dei som bidrog i laginga av han.

Men ein må sjå bruken av digitale plattformer som ei utviding av arbeidet ein til no har drive, ikkje som ei erstatning for det. For framleis er det slik at å drive kyrkja i Masfjorden er å legge til rette for ein fellesskap mellom oss som bur her. Ein fellesskap bygd på møte mellom menneske, på felles gode opplevingar, og på felles arbeid til felles glede og nytte.

Det ligg ei beredskapstenking i dette også. Vi har sett det mange gongar: Når det skjer noko uventa og dramatisk og alvorleg som angår mange, er det kyrkja i nærmiljøet som vert møteplassen for dei det angår. Det er hit folk kjem og hjelper kvarandre, og får hjelp av kvarandre, rett og slett ved at dei er der saman. Då er det viktig at den som treng det, kan kome til kyrkja med den gode vissa om at han eller ho er velkomen, at kyrkja er ein god møteplass. Å skape ei slik visse hos kvar og ein av oss som bur i bygdene våre, må vere ei høgt prioritert oppgåve.

Men det treng ikkje store og omfattande dramatiske hendingar for at kyrkja skal kunne fylle ein slik funksjon. Også hendingar som berre gjeld ein einskild kan vere dramatiske og vanskelege for den det gjeld. Den eine sitt behov for hjelp og støtte vert ikkje mindre av at hendinga ikkje har ramma andre, og for vedkomande kan kyrkja vere den heilt rette staden å vende seg.

Eitt tiltak for å gi folk visse om at dei er velkomne til kyrkja, er å syte for at dei som bur i Masfjorden, får høve til å verte kjende med desse som dei vil møte når dei kjem til kyrkja eller tek kontakt på anna vis. Soknepresten vil sjølv sagt vere ein svært sentral person i denne samanhengen. Ut frå ei beredskapstenking er det difor viktig at soknepresten kan vere til stades og delta i kyrkja sine møte med folk i bygdene våre også når det ikkje er akutt behov for kyrkja sine tenester.

Men det har ein ikkje kunna ta for gitt: For nokre år sidan vart kyrkja sine stillingsressursar reduserte, noko som førde med seg at det vart gjort endringar i organiseringa av prestetenesta i prostiet vårt.

Ressursar vart dregne frå dei grisgrendte kommunane i nord og inn mot dei meir sentrale områda sør i prostiet. Dette førde med seg at Masfjorden ikkje lenger hadde eigen sokneprest.

Eit politisk initiativ der Gulen, Masfjorden og Solund kommunar gjekk inn på ei mellombels ordning med å finansiere mesteparten av løna til ein prest mot at alle tre kommunane fekk eigen sokneprest, gjorde at Masfjorden fram til no har hatt ein eigen sokneprest.

Men denne ordninga skal snart opp til revidering, og det vil då vere opp til kommunepolitikarane å ta stilling til om ho skal halde fram.

Det er mange gode grunnar som talar for at ordninga bør verte forlenga. Men kommunepolitikarane skal prioritere avgrensa midlar mellom mange gode føremål, og skal dei prioritere dette føremålet framfor andre, treng dei støtte frå oss som bur i bygdene våre, og som ser verdien av at tiltaket vert vidareført.

Det er eit ansvar som kviler på kvar og ein av oss.

Hosteland, den 24. februar 2021

Rune Garmann

Leiar, Masfjorden sokneråd



Alle foto er tekne i Sandnes kyrkje i samband med registrering av innbu i kyrkjene våre. © Rune Garmann